

Kyrjeklokka

Nr 1 - 2021

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

85. årgang



Han er min sang og min glede

Administrasjons-døden

Kyrkjebåten Bendikt-
storebåten på Flo

Til minne om Jakob Lars
Aaberg

Utvik barnekor - mitt
hjardebarn i 40 år

Bildeglimt frå baby-
songgudsteneste

Utegudstenester

Karnevalsgudsteneste
på Nordsida

Fasteaksjonen

«Gud-i-bag» til konfir-
mantane



«Vi skal skrive en historie om håp, ikke frykt!»

av biskop emeritus Ole D. Hagesæther



Ole Danbolt Hagesæther (født 3. oktober 1941 i Bergen) er en norsk teolog. Han var biskop i Bjørgvin fra 1994 til 2008.
Wikipedia

Slik ordla Joe Biden seg da han ble innsatt som president. Det er en flott målsetting. Det er ord som gir retning når det er mørkt i horisonten.

Vi er på en tøff reise i disse dagene, alle sammen. Coronaen har truffet oss i mellomgulvet. Den har skapt avstand og usikkerhet og gjort oss redde. Den truer næringslivet og skaper vansker i familielivet. Ungdommene mister fellesarenaer mens sykehusene fylles opp. Hver uke er det noen i landet vårt som dør. Ikke rart om vi blir redde!

Likevel skal ikke livsfortellingen vår handle om frykt. Vi vil skrive om håp. Et håp som vi kjenner bærer, også når det butrer imot.

Jeg snakker ikke om billig trøst. Håpet må ha noe å støtte seg til, noe som er troverdig. I coronatider kan helsepersonell fortelle hvordan pandemier har vært stoppet tidligere. Det er til hjelp å høre om vaksine og andre lovende tiltak. Vi blir roligere når vi ser Nakstad sitt ansikt på TV-skjermen. Kunnskap og erfaring hjelper når vi blir redde. Det gir oss håp. «Det går bra!»

Kyrjeklokka

www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Geir Ståle Vatnamo

Forretningsfører - abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik, Rindane 6, 6788 Olden.
Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig
Vi takkar for betaling og støtte



I påsketider er det disiplene som forteller håpsfortellingen. Den handler om soning, tilgivelse og oppstandelse. Lykkelig utbryter Peter: «Lovet være Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i sin rike miskunn har født oss på ny til et levende håp ved Jesu Kristi oppstandelse fra de døde» (1.Pet. 1.3).

Heller ikke her snakker vi om billig trøst. Håpet støtter seg til kunnskap og erfaring. Kunnskapen har Jesus gitt oss mens han levde på jorden. Han underviste om livet her og om det som skulle komme. Han bekreftet det han sa med

den måten han levde på. Erfaringen fikk disiplene i etterkant av oppstandelsen. Han møtte dem om og om igjen i dagene mellom påske og pinse. En gang viste han seg for mer enn 500 hundre på en gang, forteller Paulus. Og når han kom til dem, var åpningshilsenen den samme. «Frykt ikke» og «Fred være med dere».

Håpet skal ingen ta fra oss. Det er motoren som drar oss gjennom ukjente og uavklarte situasjoner. «Vi vil skrive en fortelling om håp, ikke frykt!»

Fortellingen om pandemien er en ny og urovekkende fortelling. I påsken som ligger foran oss, møter vi en gammel fortelling. Den har gitt håp i kriser som er større enn den vi gjennomlever nå. Begge fortellingene forankrer håpet i kunnskap, erfaring og tillit til dem som viser vei for oss.

«La ikke hjertet bli grepet av angst», sier Jesus. «Tro på Gud og tro på meg». (Joh.14.1) «Jeg er med dere alle dager inntil verdens ende (Mt 28.20).



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Fellesskapet betyr noko



Den 17. februar hadde norske kyrkjer vore stengde for gudstenestefeiring med meir enn 10 personar i seks veker. Denne dagen kom det på trykk i Aftenposten eit engasjert innlegg frå ein ung katolikk, ei kristen jente som sakna fellesskapet kring gudsteneste og nattverdfeiring. 18 år gamle Maria Norum Spæren skreiv mellom anna dette:

«Det er skremmende å se hvor lite viktig myndighetene anser retten til religiøs utøvelse. Det er en menneskerett å få utøve sin tro. Når begynte vi egentlig å ta lett på det? Når begynte vi egentlig å sidestille det med fritidssysler?

Jeg tror betydningen av trossamfunnene er undervurdert. Ikke minst er gudshuset og fellesskapet noe som gir mange trøst og styrke i hverdagen. For mange, meg selv

inkludert, er det å få være religiøst aktiv en essensiell del av hverdagen min».

Kommentarfeltet under avslørte at det er mange som ikkje forstår kva fellesskapet betyr for ein kristen. Meir enn ein slo fast at tru er ei privatsak, og at kvar og ein må berre dyrke trua si kvar som helst – åleine.

Når dette blir lese er truleg dei strengaste tiltaka for gudshusa våre oppheva, men det er ikkje dermed sagt at det er auka forståing av kva det kristne fellesskapet betyr for gudstrua.

I Apostelgjerningane les vi om dei fyrste kristne at dei samlast kvar dag, dei var samla om «læra til apostlane, brødsbrytinga og bønene». Det er det same vi gjer i kyrkjene våre kvar søndag når vi får lov å samlast, vi framfører bønner, vi

lyttar til Guds ord og vi deler nattverd måltidet. Og dette betyr noko. Vi møtest, vi ser kvarandre, vi høyrer stemmene til kvarandre, saman ser vi kunsten på veggane og lysa på alteret. Vi tenner lys i den same globen, vi syng og ber og seier fram truvedkjenninga i lag, vi tek imot brød og vin til «soning for alle våre synder». Når dette tek slutt, då har vi ikkje lenger noka kyrkje. Gudstenestefeiring er altså noko langt meir enn ein fritidssysel, det er sjølve hjartet i den kristne kyrkja.

Nokon kjem seg av ulike grunnar ikkje til kyrkje, og mange saknar det. Andre har valt å vere åleine med gudsdyrkinga si. Dette er ingen dom over desse. Mine tankar langs vegen i dag er eit forsøk på å seie at gudstenestefeiringa slett ikkje er uvesentleg. Nattverd, som er høgdepunktet i gudstenesta, feirar ein uansett ikkje åleine.

FN sine menneskerettar.
Artikkel 18.

Alle har rett til tankefridom, samvitsfridom og religionsfridom. Denne retten gjeld fridom til å endre religion eller tru, og fridom til å målbera sin eigen religion eller si eiga truslære i gjerning og framferd, anten åleine eller saman med andre, offentlig eller privat.

Kyrkjeverja

Til minne om dei aller minste



Kyrkjetenar Birger Skåre og Per Arne Tøsse

På Nedstryn gravplass har det sidan 1990-talet vore ein anonym minnelund for dødfødde og aborterte foster. Dette er eit avgrensa område i vestenden av gravplassen, men har ikkje vore synleg markert, og har nok vore ukjent for dei aller fleste. Fellesrådet har no fått laga eit lite gravminne som markerer staden. Gravminnet er i kvit



marmor, og er utforma av Per Arne Tøsse frå Nordfjord Monumentservice, Innvik.

Vi ynskjer at dette skal vere ein minnestad for dei som treng det. Både for dei som har konkrete minne til denne staden, og for andre. Fellesrådet v/gravplassarbeidarane har ansvaret for stell og vedlikehald av minnelunden, men dei som ynskjer det, kan legge blomster ved gravminnet.

Kyrkja i Indre Nordfjord



Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80
Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn
Besøksadresse: Rognehaugen 11
Kyrkja@stryn.kommune.no
www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag
09.00 - 15.00, tysdag 10.00 - 15.00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri
kari.muri@stryn.kommune.no
tlf 913 27 882
Sekretær Margrete Lillestøl
Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane
For Oppstryn, Loen og Nedstryn
Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygda og Nordsida
Sokneprest Hege Høibye, tlf 930 01 473
hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utivk, Innvik og Olden
sokneprest Harald Runde, tlf 911 84 241

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes
beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydspeagog Martine Bø Solbakken
martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Trusopplærar Guro Petronella Enerhaug
guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Volda kyrkjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

Kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl 10.00 (on 10.30).
14.00

Kyrkjeverje Jostein Stråbø
kyrkjeverja@volda.kyrkja.no
tlf 916 63 549

Hornindal sokn
Per Kristian Hovden Sætre, 95 76 92 92



kyrkjaiindrenordfjord



kyrkja i indre norfjord



stryn.kyrkja.no

Informasjon frå kyrkjekontoret

GRAVFESTE

Feste av grav - Ein avtale med kyrkjekontoret om å disponere ei grav mot betaling av festeavgift. Festar er den som er kontaktperson og ansvarleg for vedlikehald av grava.

Festeavgift - Ei årleg avgift for grava. Den vert kravd inn av fellesrådet kvart 5.år.

Frigrav - Ei grav som kyrkjekontoret tildelar ein avdød person frå kommuna, og som ikkje blir betalt festeavgift for i fredningstida (30 år). Om ein reserverar ei grav ved sida av, vert det rekna festeavgift frå gjeldane år sjølv om grava ikkje er teken i bruk, og den kan kun reserverast ved gravlegging. Ein gravstad har rett på berre ei frigrav.

Urnegrav - Ved bruk av urnegrav er det ikkje mogleg å reservere grav ved sida av, og det kan gravleggast opp til 6 urner i ei og same grava.

Fredningstid - Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging. Alle gravplassane i Stryn Kommune har ei fredningstid på 30 år.

Plantefelt - Det er vanleg at graver har eit plantefelt for blomster. Det er festar sitt ansvar at dette blir vedlikehalde, og har ein ikkje høve til det, kan ein inngå ein stellavtale, eller gje beskjed til kyrkjekontoret om at plantefeltet skal såast att med grasfrø.

SLETTING AV GRAVFESTE

Når det ikkje lenger er ynskjeleg å feste ei grav, må det stadfestast skriftleg til fellesrådet.

Når ei grav vert 60 år, skal det sendast inn ein søknad til fellesrådet om vidare feste. Vi gjer merksam på at desse gravene har høgare festeavgift. Maksimal festetid er 90 år.

Gravminne er festars eigedom. Ved sletting av gravfeste kan festar sjølv fjerne gravminnet. Det som ikkje vert fjerna innan seks -6- månader etter festeforfall, vert fjerna av kyrkjegardsarbeidaren og sendt til destruksjon.

STELL -OG FONDAVTALE



STELLAVTALE:

Er ein skriftleg avtale mellom festar/stellkontakt og fellesråd. Våre kyrkjegardsarbeidarar plantar blomster i mai månad, og lyng på hausten, og steller etter behov.

For stellavtale vert det sendt ut faktura ein gong i året.

Oppseiing av avtalen må stadfestast skriftleg til fellesrådet.

FONDAVTALE:

Er ein skriftleg avtale mellom festar/stellkontakt og fellesråd. Festar/ stellkontakt set inn eit beløp på fellesrådet sin fondskonto, der stellavgifta blir trekt ein gong i året. Det er opp til festar sjølv å bestemme lengda på avtalen og beløpet som skal settast inn. Når det er lite pengar att på fondavtalen vil festar motta eit brev om dette. Oppseiing av avtalen må stadfestast skriftleg til fellesrådet.

Takstar pr 01.01.2021:

Grav 0-60 år:

Pr. år kr 250,-

Pr. 5 år kr 1250,-

Grav over 60 år:

Pr. år kr. 500,-

Pr. 5 år kr. 2500,-

Stellavtale:

Pr. år /sesong kr 1200,-

Til minne om Jakob Lars Aaberg

av Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri



Jakob Lars Aaberg døydd den 5. november 2020 etter kort tids sjukdom, 78 år gammal. Kyrkja i indre Nordfjord har mista ein av dei aller mest trufaste medarbeiderane, han var i aktiv teneste livet ut. Jakob vart tilsett i kyrkja den 16. juni 1971, og var altså tilsett i nær 50 år.

Det var først og fremst i Ljosheim kapell i Oldedalen at Jakob hadde si teneste, som klokkar og kyrkje-tenar, - men og i Olden kyrkje, og det hende at han steppa inn i dei andre kyrkjene ved behov. Stillinga var ikkje stor, men dei få prosentane nådde langt. Og i tillegg til å vere tilsett, hadde han eit stort engasjement som frivillig medarbeidar – m.a. som soknerådsleiar, og ikkje minst som trufast gudstenestled-takar - med sin faste plass i kyrkja. Kona Solveig var hans gode støtte også i det frivillege arbeidet. Saman har Solveig og Jakob lagt ned ein enorm innsats for fellesskapet, som eit solid og trufast team.

Jakob var både individualist og

idealist, både jordnær og visjonær. Det var aldri tvil om kva som var drivkrafta hans: Han gjorde Guds rikes teneste, for at alle – store og små, skulle bli kjende med Jesus. Og: han arbeidde for Fellesskapet – at fleire skulle kjenne seg inkludert i kyrkja, og oppleve rikdommen i å dele trua.

Det bør nemnast tre område der Jakob hadde eit genuint engasjement:

1. Naturen som Guds Skaparverk. Han var ein pioner her lokalt i kyrkja sitt engasjement for Skaparverket, og han gjekk føre i å praktisere dette, t.d. Skaparverkets dag og sports-gudstenester, og han arbeidde tidleg for «Grøne kyrkjelydar».
2. Musikklivet – salmesong og korsong var viktige element for Jakob i det kristne fellesskapet.

3. Gudstenestefeiringa – den skulle vere levande og engasjert. Jakob var open for fornying, og hadde gjerne konkrete forslag.

I tillegg kan nemnast engasjementet Jakob hadde i Nordfjord prostiråd, særleg Seljumannamesse, og han såg stor verdi i å gå pilgrimsvandringar.

Vi merka siste tida, - særleg dei siste månadene, at helsa og kreftene ikkje var som før. Men han ville gjerne vere med, og han stilte opp. Jakob var hjelpsam, og ville det beste også for medarbeidarane sine.

Den siste tenesta Jakob hadde, var i haustferien tidleg i oktober, då Trusopplæringa arrangerte Førsteklasses-klubb for seksåringane i Ljosheim. Dei tilsette i Trusopplæringa vart ønskt varmt velkomne av Jakob som dreiv og kosta vekk lauv frå utetrappa. Inne var det fyr i omnen, det var varmt og godt, og ordna til på beste måte. Dei følte seg så velkomne, og alt vart lagt til rette for at også seksåringane og foreldra skulle kjenne seg velkomne. Det er vemodig at dette vart siste oppgåva han utførte, men likevel kan det stå som ei fin oppsummering av Jakob si teneste for fellesskapet og for kyrkja.

Vi saknar Jakob. Vi minnst han med stor takksemd og vørnad, og lyser fred over minnet hans.

På vegne av arbeidskollegaene

Kari Synnøve Muri, kyrkjevevje.



Fottur til Jakobsbu!

Av Geir-Ståle Vatnamo



Ein av sønene til Jakob Aaberg skreiv følgjande i minneorda: «Det mest «synlege» merket som står igjen etter pappa, er Jakobsbu, jakthytta som han fekk bygd som 50-årsgåve i 1992. Det var hans ønske og glede at denne enkle hytta i Aabergsmarka forblir eit mosjons- og turmål for slektningar, bygdefolk og turistar året rundt».

Nokre få dagar etter Jakob si gravferd, stod det på facebook: «Tur til Jakobsbu søndag 15. november». I mildt og godt novemberver, møtte om lag 15 personar opp på Aabergtunet for å vere med å minnast denne jordnære friluftsmannen. Råsa var til dels krevjande med nokre få c-moment. Jakob hadde tydelegvis vore her mange gonger før, og på dei mest vanskelege punkta lagt råsa finurleg til rette på ein trygg måte. Det var godt å få vere medvandrarar i Jakob sine fotspor. Vi veit at «den glade vandrar» Jakob, var ein som ville at vi alle skulle bli glad i naturen kring oss. Hytta var ulåst. Dermed kunne vi gå inn og skrive namna våre i ei hyttbok. Men det var også godt å

kunne sitje ned og ta ein god kopp kaffi og noko å bite i. Til slutt song vi unisont ein salme. Skål tru om denne turen til Jakobsbu kunne bli ein årleg minnemarsj ein søndag om hausten, spurde vi Einar og Solrun Åbrekk: «Vi blir gjerne med til Jakobsbu igjen».



Einar og Solrun



Turkameraten Jakob

Vi kan vel alle vere med og skrive under på at: kyrkjesongaren, kyrkjetenaren, dugnadsmannen og friluftsmannen Jakob Aaberg hadde ei teneste stor for Gud!

Opprydding ved Olden kyrkje

Av Reidun Brynstad



dungen vakse seg større og større, og meir og meir "innhaldsrik".

Soknerådet har fått kommentarar om kor skjemma dette etter kvart var blitt, og det var på tide å få gjort noko med det.

Vi måtte først finne ut kvar vi skulle gjere av det. Så måtte vi leige nokon med gravemaskin og traktor. Etter synfaring i lag med John Andreas Skarstein,

som har beite på nedsida av gjerdet, fekk vi løyve til å plassere jorda i ei hole der.

Lars O. Loen tok på seg gravemaskinarbeidet, og Leiv Arne Egset, Arild Aabrekk og Einar Åbrekk ville stille på med traktorar.

Femtande oktober skulle det skje. Birger Skåre tok ned gjerdet, og så var det berre å gå laus på jobben. For kvar gravemaskinskufl sorterte vi ut søppel og trevirke, som ikkje skulle ned i beitet. Nokre gamle gravsteinar måtte flyttast, i påvente av henting. Vi var godt hjelpete, og etter nokre timar var ruskedungen vekk, og kråa rydda.

Ein flink gravemaskinførar, god dugnadsinnsats og ikkje minst velvilje frå grannen med beitet, gjorde at dette gjekk greitt. Birger tok jobben med å setje oppatt gjerdet.

Kyrkjegardsarbeidarane hadde saga ned ei stor, roten bjørk som stod lenger borte. Der stod rota att. Vi fekk fjerna den òg, når vi hadde gravemaskin på plass.

Takk for innsatsen til alle som deltok!

(No gjeld det å finne ein måte å handtere dette i framtida, so vi ikkje endar opp med same problemet om nokre år.)

I det sørvestlege hjørnet av gravplassen hadde det, over tid, hopa seg opp ein fæl dunge med rusk. Denne kråa var meint til plassering av overskotsjord frå gravene, men etter kvart har den vorte brukt som avfallsplass for ymse. Trass oppslag om å bruke søppelkontaineren, har

Ny kistevoan til bruk ved gravferder

av Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri



Det har i samband med gravferder kome ynskje om å bruke vogn når kista skal berast ut til gravstaden. På nokre av gravplassane er det lange avstandar, og særleg på glatt vinterføre kan vogn vere eit godt hjelpemiddel.

Vi har no fått laga to kistevogner hos Stryvo, som ein ser på biletet. Dei to nye vognene står lagra i Nedstryn og Nordsida, men kan nyttast på alle gravplassane, og vert transportert dit det er behov.

Utvik barnekor - mitt hjartebarn i 40 år

av Geir-Ståle Vatnamo



Å møte barnesongkunstnaren, energibunten og kordirigenten Edith Kårstad, er alltid spennande. Då Kyrkjeklokka møtte ho til intervju, på heimebane, lurte ho på om underteikna var interessert i skyting? For du skjønner det Vatnamo, at akkurat no ligg det an til at Norge og stryningen Johannes Thingnes Bø kan få VM-gull i mixstafett, og slik vart det. Og slik er Edith Kårstad - alltid levande engasjert i det ho held på med.

Slik kjenner vi Edith også frå kyrkja når Utvik Barnekor framfører taktfaste og rytmiske songar. Alltid godt førebudd og 150 prosent med som dirigent og leiar. Stundom snudde ho seg mot kyrkjelyden og bad oss vere med på koret. Publikum likte det vi høyrde og såg: nemleg eit veldig godt førebudd barnekor med glimt i auga og gode songstemmer. Difor vanka det alltid applaus til slutt.

Dette friske barnekoret har rukke å bli nokre år. Allereide i 1973 kom

nokre begeistra og entusiastiske jenter heim frå barneleir på Fjordly. Dei hadde så lyst til å syngje dei nye songane dei hadde lært på leir, og det fekk dei, både på Misjonshuset og i kyrkja.

I 1979 vart Edith spurd av foreldre om ho kunne starte eit barnekor. Året før starta ho i lag med Rønnaug Berge Olsen «Leikestova» - barnehagen på Misjonshuset. Edith tykte ho mangla dirigent-trening, men det fekk ho etter kvart gjennom Concordia – eit tilbod frå Norsk Luthersk Misjonssamband.

Oppgåvene auka på, og i 1981 framførte koret «Den store kongen», men utan piano. Det måtte dei låne frå Stryn. Misjonshuset mangla piano. Dette vart noko som engasjerte misjonsfolket og barnekoret. Dei rett og slett selde «kvite og svarte tangentar» for kr 200 og 400 pr stk. I tillegg til private gaver og offer, tok det ikkje lang tid før pianoet var på plass.

I 1984 framførte barnekoret «Jul på jord», og i 1987 kom ein kantate som vart kalla «Ein evig påskedag» begge av Trygve Bjerkreim og Mons Leidvin Takle.

Etter kvart som det blei meir korframføring i kyrkjene i Utvik og Innvik, vart det ved fleire høve teke opp kollekt som skulle gå til innkjøp av nytt piano. Dette var mangelvare i kyrkjene den gong. Til å begynne med brukte koret gitar, xylofon, triangel og klokkespel som rytmeinstrument.

Frå hausten 1990 til hausten 2013 hadde koret øving ein gong i veka på Utvik skule,

arbeidsplassen til Rønnaug Berge Olsen. Då SFO vart avvikla fortsette øvingane heime hos Edith. Utvik barnekor er ein del av trusopplæringa i Utvik Sokn.

Edith seier til Kyrkjeklokka at ho er takknemleg til Gud for alle desse åra, og er også glad for såkalla «koseturar» med koret til Bergen. Ho er og takksam for at ho hadde ein trufast mann som tok seg av deira eigne born då ho var opptatt. I dag har ho 20 barnebarn og 2 oldebarn. Det er spesielt ein ting som gleder Edith veldig i dag: Det er at svigerdottera Eva Kårstad og hennar veninne Kari Anne Tisthamar Haveland har overtatt stafettpinen. Ho vil og rette ei stor takk til Rønnaug Berge Olsen som alltid har vore ein god medhjelpar og støttespelar. Dessutan vil ho takke Arild Aabrekk, Erling Briksdal og Leszek Wolczek for flott innsats ved pianoet i mange år.


Som erfaren kontordame tykkjer Edith at det framleis er moro å føre statistikk og rekneskap for barnekoret. For nokre år sidan vart Edith sjuk og kom på sjukehus. Då opplevde ho at barnekoret og foreldre bad til Gud for henne. Ho las ofte frå Jes. 41,10, og sjølv bad ho kvar dag denne bønna: «Frykt ikkje på måndag, for eg er med deg på tysdag. Sjå deg ikkje ottefull om på onsdag, for eg er din Gud på torsdag. Eg styrkjer deg på fredag og hjelper deg på laurdag og held deg opp med mi rettferds hand på søndag».



Eva og Kari-Anne ilag med barnekoret.

Holmely - omsorg og retreat

av Dagleg leiar ved Holmly, Eva S. Langseth



Normisjon sin retreatstad ligg som ei perle like i sjøkanten på Bryggja i nye Stad kommune, med vakker utsikt over fjord og holmar – nær skog og fjell.

Holmely har i over 25 år tilbydd diakonale dagar med stille, oppbyggeleg undervisning, kvile, forbøn og medvandring blant anna gjennom ulike retreatar, undervisningstema og samtalar. Dei siste åra har vi òg hatt eigne kveldssamlingar med fellesskap, song, bøn og lovsong. Staden brukast òg til ulike selskap, sommar-bo-

king og anna opphald etter avtale.

Vi følgjer dei nasjonale retningslinjene, men har ulike arrangement i programmet som vi håpar å gjennomføre denne våren. Palmehelga, 26.-29.mars, ønskjer vi å invitere til temaretreat «Korsets kraft» med Geir Otto Holmås. Retreat handlar om å trekkje seg tilbake, sette av tid til stille og til bøn. I ein travel kvardag med mange impulsar er det ikkje alltid like lett å finne ro og fred. Vi ønskjer å leggje til rette for det. 23.-25. april har vi temahelg «I Guds omsorg» med undervisning

av Kurt Hjemdal. 25.-27. juni har vi sett opp ei helg kalla «Fjord, fjell og fellesskap» Dette blir ei helg sett av til å vandre i fjellet med andre turglade. Ta kontakt for info og påmelding.

Vi har òg kvelds- og dagsarrangement utover våren som er verdt å nemne; Bønelunsj kvar fredag, månadlege Bøn og lovsongssamlingar, Songkveld med Harry Andersen 13.april og Ove og Kari Laila Aksnes 10.juni. Denne våren får vi òg besøk av Eyvind Skeie som vil ha Salmekveld med oss 20.mai. Songkveldane og salmekvelden leiger vi Fjordly for betre plass. Vi ønskjer å vere ein plass der du finn fred, midt i ei krevjande og annleis tid. Så framt vi får lov å halde ope, ønskjer vi å leggje til rette for deg som har behov for eit pusterom.

For meir info sjå: www.holmely.no

Økonomiske løft for Oppstryn kyrkje

av soknerådsleiar Kathrina Flo

Oppstryn kyrkje har på tampen av 2020 investert i nytt lydanlegg. Dette var ein dyd av nødvendighet. Det vi hadde tok til dra på åra og teleslynga som og enkelte treng for å høyre var heller ikkje god lenger. Sidan Innvik og hadde behov for nytt anlegg, slo vi oss saman for investering i håp om betre tilbud frå leverandør, som i dette tilfelle vart valt Lydkjelleren as frå Ålesund. For vår del bikka kostnaden 90 000,- + mva. Heldigvis gjekk rekninga om kyrkjeleg fellesråd slik at mva vert refundert. I tillegg har kyrkja mange andre utgifter som kostar, dei faste utgiftene vi har er: Kateketen som driv barne- og ung-

domsarbeid, ligg for vår del på over 20 000,- i eit normalt år. Elles har vi mange faste utgifter som kjem uansett. Basaren vi har kvar vår gjev oss kjærkomne inntekter, men no er det 2. året vi ikkje kan ha den, og det viser att i rekneskapen. Ofringane åleine bidrar litt, men langt på nær nok. Derfor ser vi oss nøydd til å håpe på at bygdefolk og for den saks skuld, utfløtte oppstryningar, kan hjelpe oss med å få fylt opp i ei no slunka kasse. Vi tenkjer ofte slik at kyrkja må vere der for oss når vi treng den, enten det er dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd eller tragiske hendingar der det gjer godt å samlast i Guds hus.

Vi registrerer og at fleire med røter frå bygda, no vel å bruke kyrkja vår og det er kjekt. Vi kan vel driste oss til å meine at vi har den finaste kyrkja i Stryn, ikkje minst ligg den fint til omkransa av Oppstrynsvatnet, fjella og den prektige naturen rundt. Men det kostar å ha eit slikt bygg ståande! Derfor har vi våga oss til å sende ut giroar til alle i soknet med eit håp om at vi kan få inn omtrent same beløp som ved ein basar.

Skulle andre ha lyst å gje, er kontonr. 3795 30 25427 eller vipps 553315.
På forhand takk!



«Bildeglimt frå babysonggudsteneste»

Foto: Beate Nes



Misjonærbarna i Mali viste gjetergutten veien til Jesus - nå er gjetergutten blitt bibeloversetter.



MISJONÆRBARNA I MALI VISTE GJETERGUTTEN VEIEN TIL JESUS - NÅ ER GJETERGUTTEN BLITT BIBEL-OVERSETTER.

Da Samba (35) var liten fikk han ikke gå på skole. Familien trengte ham som gjeter for dyra. Men vennskapet med norske misjonærbarn ble en døråpner.

BETATT AV NORSK FAMILIELIV

– Jeg lekte med barna i familien Bjune og Roaldset. Og jeg la merke til at det var en sånn fred i hjemmene deres og at de hadde det så hyggelig. Når man liker oppførselen til noen, hører man etter hva de sier også. Jeg fikk høre på kassetter, og jeg ble med på gudstjenester. -Jeg var den eneste i søskenflokk som ikke fikk gå på skole, men misjonærene lærte meg å lese fulani. Og jeg begynte å ta med meg hefter med bibelfortellinger som jeg leste mens jeg gjette dyra våre.

Jeg leste også høyt for de andre gjeterguttene. -Jeg likte å lese om Jesu medfølelse med de syke og om alle tegn og under som skjedde.

MÅTTE DRIKKE KORANVERS

Men familien til Samba var ikke glad for kontakten med misjonærene, og sa at han ikke fikk lov å besøke dem. -De brukte til og

med trolldom for å hindre meg. De vasket vekk magiske koranvers skrevet med kritt på en tavle, og tvang meg til å drikke vaskevannet, forteller Samba. Familiens anstrengelser hjalp ikke stort. Samba fortsatte å være sammen med misjonærene, og troen vokste fram. Etter hvert dro han på en to-årig bibelskole i Benin, og da han kom hjem på ferie etter det første skoleåret var han klar til å bli døpt. Han hadde ventet fordi han ville at foreldrene, som han var så glad i, skulle tåle det bedre. Men nå var tiden inne, og Samba ble døpt i elven ved hjemmelandsbyen i full offentlighet. Familien hadde etter hvert akseptert at Samba ønsket å følge Jesus. – Jeg har ikke opplevd så mye forfølgelse pga. troen min, forteller Samba. -Men de siste årene har jeg blitt truet av fundamentalistiske muslimer.



VEIVISER FOR FOLKET

Samba begynte å hjelpe misjonærene med å kommunisere på fulanispråket. Han rettet ulike tekster. Og det viste seg at han var god til dette. Han er en rolig og stillferdig

type, men også nøyaktig til minste detalj. Og dette er viktige egenskaper når man skal oversette Bibelen. Han begynte å hjelpe NMS-misjonær Anne Lise Matre med bibeloversettelse, og ble snart mer og mer engasjert i dette arbeidet. Fra 2015 har Samba vært ansatt i oversettelses-teamet som jobber med Det gamle testamentet. Han har også vært en viktig ressurs i evangeliseringsarbeidet, som deltaker i samtalegrupper, radioprogrammer og sammen med evangelister på landsbybesøk.

SKOLEGANG

De siste årene har oversettelsesarbeidet hatt en pause mens Samba har tatt utdanning. Han hadde jo ikke gått på skole som barn. Men nå har han fullført videregående og tatt flere fag på universitetet. Han har lært både hebraisk, engelsk og informatikk, som er nyttig når man skal oversette Bibelen. Til høsten begynner han som oversetter med Anne Lise Matre som sin nærmeste medarbeider.

SAMMEN MED SAMBA KAN DU GI GUDS ORD TIL FOLKET HANS.

Av hensyn til sikkerhet er navnet endret i denne artikkelen. Samba holder Bibelen. Gjetergutten er illustrasjonsbilde.

No hastar det å forandre. For andre.

av Beate Nes



**FOR 785
MILLIONAR MENNESKE
ER DETTE DRIKKEVATN**

...TENK OM DU MÅTTE GI DET TIL DITT BORN?



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

**REINT VATN REDDAR LIV.
FORANDRE. FOR ANDRE.**

Vipps valfritt beløp til **2426**

SMS VANN til **2426** (250,-)

Eller gi på konto **1594 22 87493**

fasteaksjonen.no

Aldri før har reint vatn vore så viktig som i 2020. Då heile verda hamna i krise var det godt å ha mange års erfaring, kunnskap og arbeid med vatn i ryggen. På rekordtid kunne Kirkens Nødhjelp bygge handvaskstasjonar, køyre ut vassbilar og drive opplæring i hygiene for å førebygge covid-19.

Diverre står vi overfor mange utfordringar i 2021 òg. Fleire land møter no si andre bølge av pandemien. Vi har sett Malawi grave massegraver, sjukehus fyllast opp og land

stengast ned.

Som kyrkjelydar kan vi vere med å gjere ein forskjell. Det gjer vi gjennom å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Må stå saman

Pandemien har satt fattige land mange år tilbake og i tillegg har de stått i mange kriser samtidig. For Covid-19 bryr seg ikkje om at Nilen fløymer over og tek med seg hus, eigedelar og åkrar fulle av grønnsaker. Viruset bryr seg ikkje om tørke,

om du er på flukt frå uro i Tigray eller har flykta frå konflikter i Kongo. Det bryr seg ikkje om du ikkje har vatn, mat eller ein stad å bu.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon handlar i år om å gi reint vatn til menneske i naud. Vatn forandrar liv. I eit halvt århundre har norske kyrkjelydar strukke ut ei hand til menneske i naud gjennom Fasteaksjonen.

Pandemien har verkeleg vist oss verdien av samarbeid. Verdien av å stå saman når krisa rammar. Både her heime og i landa Kirkens Nødhjelp jobbar. For medan alt har vore stengt, har Kirkens Nødhjelp kome fram med hjelp takka vere gode partnarar på bakken.

Ordet «dugnad» vart flittig brukt i året som no er bak oss. Og vi håpar de alle også er med på dugnaden som startar no – nemleg Fasteaksjonen 2021.

Fordi ein global pandemi krev global solidaritet og handlekraft. Saman kan vi forandre. For andre.

Lokal Innsats

Når denne artikkelen vert laga er det framleis litt usikkert korleis vi kan gjennomføre årets aksjon. Men at det vert fasteaksjon, det veit vi! Det vert digital innsamling, og om smittesituasjonen tillèt det vert det dør til dør aksjon som vanleg. Følg med i Fjordingen og på kyrkja på nett. Vi heier også på alle små og store superheltar som gjennom heile fastetida har samla inn pengar til fasteaksjonen gjennom å pante flasker, gjere små jobber osv. Takk for innsatsen.

Susan måtte drikke vatnet ho vaska klede i

av Anette Torjusen



Seksbarnsmora Susan Miyambo trudde aldri at ho skulle få reint vatn, men no som ho har fått det, kan ho bruka meir tid saman med borna sine.

For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho henta i ei skitten elv.

Me er i landsbyen Kasaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit barn på armen og eit som held i skjørtekanten, fortel ho om timelange gåturar for å henta vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

- Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår næraste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Me var veldig ofte sjuke, fortel ho.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timar måtte ho bruka for å henta reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med.

Vatnet ho delte med dyr og insekt.

- Me måtte gå store avstandar for å koma til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.

Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er sett av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaka, kassava, som smakar nesten som potet.

- Her ser du litt av inntekta mi, smiler ho. For sal av både fisk og kassava gjev ekstra pengar til storfamilien.

Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

- No treng me ikkje lenger å gå langt for å henta vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har me fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018

bora me ein brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vassystema vi byggjer. Difor samarbeider me tett med våre lokale partnerar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å tilretteleggja og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga.

For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp.

- No kan eg gje familien min reint vatn. Det er eg så glad for.

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho deler med resten av verda: Covid-19.

- Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg er redd for barna sine og mitt eige liv. Covid-19 er verkeleg og utgjer ein fare for oss alle.

Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn, og etterspurnaden er difor stor.

- Mi oppmoding er at det vert bora endå fleire brønnar for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn, og me kan ha god avstand for å unngå smitte.

Avhengig av hjelp for å hjelpa

For at Susan og andre skal få reint vatn, trengst det hjelp frå oss. Også i 2021 skal frivillige over heile Noreg vera med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og samla inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv i fattige lokalsamfunn ute i verda. Verda står framleis overfor ein

pandemi som rammar oss alle på ulike måtar. Kirkens Nødhjelp har nått ut til over 2,4 millionar menneske med koronaførebyggjande tiltak sidan mars 2020, takka vere deira innsats og bidrag.

Du kan bidra digitalt ved å senda ei gåve til kontonummer 1594 22 87493, eller VIPPS til 2426, eller sms VANN til 2426 (250,-)



Brønneren i Kasaululo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruka mykje meir tid på å dyrka kassava og mango.

Har du sett reiret framme i kyrkja under preikestolen?



Det har vore der sidan 1. klasses samlinga i haust. 3 førsteklasingar hadde ei kjekk samling på bålplassen nede ved elva i haustveret i lag

med Wendi frå trusopplæringa og Anne. Vi leika, åt pølse, lærte litt om Guds omsorg for oss menneske og snakka litt om kva vi hadde omsorg for. Så laga vi dette reiret og gjekk bort til kyrkja og sette det der, før vi avslutta med ein superkort skattejakt.



Når det vert tid for å sette potet, vil kyrkja invitere alle 1. klassingane i

Hornindal og Bjørke til noko som heiter SKAPT. Då skal vi sette potet i vår eiga åker + gjere ein del andre kjekke ting!

Men før alt dette vil kyrkja invitere barnehagane til ei påskevandring ute rundt kyrkja. Det vil og vere ei påskevandring rundt kyrkja i påskeveka ope for alle.

**Første-
klassenes**

VIPPS

Dersom du vippsar til eit av sokneråda sin konto, og det ikkje gjeld offer i kyrkja, er det fint om du skriv på kva summen gjeld. Det gjer det så mykje enklare for kasseraren i soknerådet å finne ut av korleis summen skal førast i rekneskapet. Dette til orientering!

BRUK OG KAST -ELLER?

av Asbjørn Gjengedal



Gjenbruk er «in» for tida, med god grunn. NMS Gjenbruk Nordfjord har fleire grunnar. Dei som jobbar gratis på gjenbruksbutikken i Eids-gata 5, veit at dei gjer brukte ting om til gagn og glede for medmen-neske. Saman med tusentals med-arbeidarar på meir enn femti andre gjenbruksbutikker ser dei til at Det Norske Misjonsselskap framleis blir til hjelp for folk i naud. Om lag halv-parten av kyrkjelydane i Nordfjord har samarbeidsavtale med NMS. Det samarbeidet er vi med på når vi gjev pengar til NMS i kyrkjeof-ringar. Men kvifor ikkje gjere meir av det med å bruke gjenbruksbu-tikken? Der gjev du frå deg ting

som andre kan bruke, eller kjøper brukte ting du kan ha nytte av. Der finn du gjerne ei høveleg gåve, om det er det du ser etter. Og så har du kanskje tid og krefter til å bruke nokre timar kvar veke på butikken? Der er mange ulike oppgåver som ventar på hjelpsame hender. Også menn kan gjere ein innsats med meining i. Om du kan tenke deg å hjelpe til, kan du snakke med ein medarbeidar på butikken. Då får du greie på kven du skal gjere av-tale med.

NMS Gjenbruk Nordfjord flytta inn i Eids-gata 5 i september 2020. Bu-tikken ligg lagleg til, nær Almennin-

gen. I det store, lyse og trivelege lokalet er det mykje fint å sjå. Hyg-gelege og hjelpsame medarbeidar-ar står til teneste. Når vi igjen kan setje oss ned og prate med kvaran-dre, er butikken ein god stad å mø-tast. Og der er alltid nytt å få vite om misjonsarbeidet. Opningstida er kvardagar klokka 11 til 15. Tors-dagar er der ope til klokka 16.30.

NMS Gjenbruk Nordfjord er sjølv-sagt å finne på Internett. Heime-sida på [Facebook](#) har informasjon om mykje av interesse. Klikk deg inn og bli med i gjengen som støt-tar gjenbruk!

Julekonsert i oppstryn Kyrkje

av Olaug Mork



Vegard Guddal



Kyrre Nordnæs Enerhaug syng Hematt tel jul



Laila Thastum Sunde

Med hjelp av gode og positive lokale aktørar kunne soknerådet likevel invitere til julekonsert 17.des med flotte innslag sjølv om blandakor og musikklag ikkje kunne delta. Elevar frå Oppstryn skule tende tre adventslys medan vi song første salmen « Tenn lys».

Musikarane Anders Kvile, Kyrre Nordnæs-Enerhaug og Jon Are Steen spelte til julesongane vi song, og til solistane.

Vegard Guddal spelte stødige «Nordnorsk julesalme» og «I ei natt» på piano. Og Terje Guddal band som består av han sjølv, Lasse Greidung, John Eirik Greidung og Ingvild Berge spelte og song vart og vakkert « Heim til jul» av Maria Mena som John Eirik har oversatt til nynorsk frå engelsk, «Stjerne-skudd» og « Mitt hjarte alltid van- kar». Laila Thastum Sunde song på dansk «Hvad er det der gør jul til noget særligt» av Svend Erik Petersen før Bjørg Jorunn Vinsrygg Steen song «Nordnorsk julesalme» og «Jul, jul, strålende jul».

Andakta Henny Koppen heldt var

rundt ei gamal forteljing om ei gran som voks seg så fin og vart så stolt for at den fekk kome inn i ei stove og bli pynta til juletre. Men livet etterpå vart trist for dette glade og stolte treet då pynten var tatt av og nålene etterkvart falt av. Då lengta grana tilbake til livet i skogen då den stod der så grøn og fin. Konklusjonen var at vi må nyte og ha glede her og no av alt det fine vi har av både smått og stort, medan vi har det. At det ikkje vert

som med grana som såg det best i ettertid.

4. og 5. klasse ved skulen song med stor glede og så flott «Stjerna i desember», som er laga av voldingen Gaute Øvereng, ilag med Bjørg Jorunn.

Soknerådet vil seie Tusen takk til alle aktørane som medvirka og til dykk som kom og høyrde på.



Elevar frå skulen frå venstre er Bjørg Jorunn Vinsrygg Steen, Victoria Guddal Breidablikk, Peder Guddal, Rebecca Nygård Berstad, Louise Blakset Guddal, Eskil Alexander Webster Brekke

Utegudsteneste ved Oppstryn kyrkje

av Beate Ø. Glomnes



Søndag 7. februar hadde vi planlagt salmekveld i Oppstryn kyrkje. Denne måtte gå ut, og istaden planla vi ei utegudsteneste i det fine vinterveret.

Vi rigga opp ei bålpanne som var fin å varme seg rundt. Dei som ville kunne grille litt pølser etter gudstenesta.

Konfirmantane serverte varm solbærtoddy til alle. Det varma godt i kulden.

Anders Kvile plasserte pianoet i døroppninga, slik at vi hadde musikk til salmane. Litt hopp og sprett hjalp mot kalde føter.

Det var i alt 18 personar som var med på dette.

Utandørsgudsteneste ved Olden kyrkje

Av Reidun Brynstad



Etter nye innskjerpingar på grunn av Covid-19, vart det ikkje lenger lov å vere meir enn 10 personar i kyrkja ved gudstenester.

Staben i Stryn hadde møte, og prestar og sokneråd vart oppmoda om å vere kreative, og finne løysingar på problemet. Ein kunne ikkje berre slutte å ha gudstenester.

Etter messefall 10. jan., skulle Olden ha gudsteneste igjen 7. feb. Då kom idèen om å ha den ute på kyrkjetrappa. Med så stødig og fint, (men kaldt) ver som vi har hatt, tok vi sjansen på det.

Lydanlegg vart rigga, orgelet vart erstatta med ei elektrisk "lydfjøl" inne i gangen, og alter med lys og blomster vart tillaga på kyrkjetrappa. Stolar vart plasserte der sola skein, bålpanne kom på plass, likeeins ein stor kjele med rykande

varm gløgg. Vi tykte folk trong noko å varme seg på.

Då Jens ringde med kyrkjeklokkene kl.11.30, var alt klart. Galya spela og lyden bar godt, (hørde seinare at dei hadde høyrte det heilt ut til Skarstein!)

Harald (prest), Joar (medliturg), Mård og Elias (konfirmantar) losa oss fint gjennom gudstenesta.

Vi mintest dei i kyrkjelyden som

gjekk bort i 2020. Namna på desse vart opplesne, det vart kveikt ein fakkell for kvar, og dei pårørande kom fram og tok i mot desse. Ei fin markering.

Takkoffer til Kirkens SOS.

Ei utegudsteneste i vakkert vinterver var gjennomført. Tilbakemeldingane var gode. Sola varma, og det vart ikkje så kaldt som mange hadde frykta. Vi hadde rikeleg gløgg, og dei som ville fekk påfyll.

Tusen takk til alle som hjelpte til, til dykk som kom og var med, og til Fjordingen som møtte opp og laga ein fin reportasje!

Med mange gode innspel, og positive folk som stiller opp, får vi til det vi vil. Så også denne gongen. Vi er ei erfaring rikare, og ser ikkje bort frå at det vert fleire utegudstenester.



Liturgisk hjørne:

Av sokneprest Hege Høiby

Prefasjonen i nattverdbøn C, etter paulinske tekstar

Eg har tenkt å skriva meir om dei forskjellige nattverdsbønene, men vil først halde fram litt til med å sjå på prefasjonane for særskilte nattverdsbøner. Som eg nemnde i Kyrkjeklokka nr 3 2020, er prefasjonen ein lovsong som skulle syngjast høgt og ekstatisk så heile kyrkjelyden kunne høyra han. Orda i prefasjonen i nattverdbøn C gjer det tydeleg at dette er ein ekstatisk lovsong:

«Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos deg, Gud! Himlane fortel om din herlegdom, og jorda vitnar om dei verk dine hender har gjort. Saman med dei truande gjennom alle tider vil vi prisja ditt heilage namn»

I denne prefasjonen er lovprisinga særleg tydeleg. Den byrjar med å lista opp tre eigenskapar som Gud har: rikdom, visdom og kunnskap. Denne setninga er henta frå Rom 11,33 a:

«Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos Gud!»

‘Rikdom’ er kanskje litt overraskande i dette trekløveret, for dei

to andre tinga som blir lista opp er immaterielle, men kva tyder «rikdom hos Gud»? Det greske ordet i grunnteksten er ploutos som tyder overflod av jordisk gods/ rikdom eller overflod av noko/å ha mykje av noko. ‘Rikdom’ kan difor her tydst som «det Gud har i overflod», og i det som kjem føre i brevet til romarane, er Paulus oppteken av korleis heile Israel skal bli frelste saman med heidningane.

Der nattverdsbøna etter Hippolytt talar om Ordet som Gud sender til frelse for verda, og kyrkjeårsprefasjonane vi har sett talar om «han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet» eller «han som for vår skuld vart menneske for at vi skulle bli dine born, frelste ut av mørkret og inn i ditt underfulle lys», talar prefasjonen i nattverdbøn C om det same i dette eine ordet «rikdom».

Formuleringa med tre eigenskapar som ramses opp, gjer at denne bøna i sterkare grad får karakter av ein ekstatisk lovsong. Sjølv om det

ikkje er same ord som vert gjenteke, som i Heilag, heilag, heilag, så har desse tre orda saman ein liknande verknad. Dei bygger på kvarandre og bygger opp setninga slik at ikkje berre betydninga av orda i seg sjølv er ei lovprising av Gud, men dei let oss kjenna lovsongen ikkje berre med forstanden vår.

Dei neste setningane har ikkje eit direkte førelegg på same måte som sitatet frå Paulus, men bilda bygger på bibelske bilde som vi kan finna igjen i bla Salmane: at himmel og jord og skaparverket fortel om at Gud er stor og heilag og god. I denne bøna er naturen også med oss når vi lovsyng. Vi er del av verda Gud har skapt, og den er verdifull, slik som vi.

Også denne bøna knyter saman alle truande som har levd, og lever, og skal leve etter oss, og munner ut i lovsongen vi alle syng saman: Heilag, heilag, heilag er Herren. I denne lovprisinga vert vi eitt. I alt vårt mangfald og i alt som skiljer oss kan vi likevel samlast i lovsong til Gud.

Administrasjons-døden

av Heidi Frich Andersen, sokneprest i Sømna



Heidi Frich Andersen er født i Oslo i 1959. Hun flyttet nordover i 1991, og har bodd i landsdelen siden. Hun er utdannet teolog, og er for tiden sokneprest i Sømna. (henta frå internett)

Proster, biskoper, bispedømmeråd og kirkeråd i Den norske kirke: Ser dere det ikke, eller vil dere ikke se det: Vi holder på å administrere oss i hjel i Den norske kirke!

Vi har blitt en administrasjonskirke, vi arbeider i en hengemyr av administrasjon! En administrasjon som holdes oppe av velvillige kommuner og av staten.

Siden jeg ble ordinert i 1987 har vi også hatt et utall av reformer slik som liturgireformer og trosopplæringsreformer. Vi har til stadighet fått nye datasystem. Krav til statistikker. Vi har fått ny bibeloversettelse og to nye varianter av Fader Vår. Vi har nedsatt utallige nye utvalg og råd.

Sist, men ikke minst når det gjelder prestenes arbeidssituasjon: vi har fått innført tidsregistrering, for å nevne det absolutt mest meningsløse jeg vet, siden det strider imot selve prestetjenestens natur. Jeg er prest hele tiden etter mitt ordinasjonsløfte, ikke bare mellom klokka 09.01 og 15.59. Jeg kan ikke sitte med stoppeklokka og regne på timer og minutter hvor jeg ber, leser, forbereder prekener eller bedriver administrasjon. Selvfølgelig trenger jeg også tid til familie og til hvile- men gi meg heller tilbake

å regne arbeidstiden etter antall tjenester- den eneste fornuftige måten å regne mine arbeidsoppgaver på! Tidsregistreringen er en administrativ tvangstrøye og en plage for mange prester- dessuten tar det tid (!) og er umulig å gjennomføre korrekt!

Har så alle disse reformene og all denne administrasjonen hatt noen positiv effekt på menighetslivet? Absolutt ikke. Vi vet alle at tallene peker nedover. Dramatisk nedover. Gudstjenestedeltakelsen har blitt redusert mer enn 50% siden min første tid som prest.

Er det da ikke på tide å tenke nytt? Sendte prestene og stabene på retreat isteden for nye kurs og flere administrative oppgaver? Hva med pilgrimsreiser? Besøk til kirker som faktisk vokser- for å lære noe? For eksempel.

Proster, biskoper, kirkeråd og bispedømmeråd: dere vet alle, at kirka bygges ikke ovenfra, den bygges nedenfra! Kirka bygges ikke ved å utvide de administrative oppgavene. Kirka bygges ved å spre evangeliet. Styrke troen. Kirka bygges ved at vi når ut til de tusen hjem, når mennesker der de er. Møter menneskene slik de første apostlene gjorde, da de talte på gater og torg. Da de hadde husmøter. Da de faktisk snakket med mennesker- om troen.

Proster, biskoper, kirkeråd og bispedømmeråd: dere vet, likeså mye som jeg, at kirka mange steder er å likne med et fint, tomt skall. Bygninger som står der, med færre og færre besøkende. Bygninger som likevel står der, fordi stat og kommune sponser vedlikehold.

Jeg vet at det ikke er like ille over alt. I den kommunen hvor jeg arbeider, Sømna på Helgeland, har vi 150%(!) dåpsdeltakelse (på grunn

av besøkende) og 100% av befolkningen begraves gjennom DnK. Vi er en utpreget folkekirkemenighet.

Jeg vet likevel at dette ikke er nok for fremtiden. Vi kan ikke fortsette å leve bare på grunn av de gode tradisjonene- disse tradisjonene er i ferd med å smuldre bort.

Hva trenger vi så i DnK? Vi trenger mennesker, menn og kvinner, som er dedikert til arbeide for Kristus. Som ikke glemmer seg bort bak datamaskiner, som forstår at det å være prest eller annen kirkelig ansatt er en livsstil, et kall, ikke et kontorarbeid du gjør mellom klokka 09:01 og 15:59. Som ser at det er mennesket som bygger systemet og ikke omvendt. Som vet at det er troen som bygger kirka og ikke administrasjonen. Selvfølgelig trenger vi også administrasjon. Men vi trenger enda mer å tenke nytt.

Og vi trenger fremst av alt å kjenne igjen det kallet vi alle fikk da vi første gang sa ja til å følge Kristus. Huske vår «første kjærlighet». (Åp 2,4).



Karnevalsgudsteneste på Nordsida

av Jorunn Beiness Roset



Min Kirke

Min kirke er full av smil og lys og varme. Menneskene hilser på hverandre, og sitter tett sammen i kirkebenkene. Min kirke er åpen for alle mennesker. De gamle, som ikke hører så godt; lukker øynene og hviler. De travle glemmer tiden og lytter. Unge mennesker danser i min kirke. Og barna ler høyt. Min kirke er full av Gud. Og Gud er hos menneskene gjennom smilene, lysene, varmen og ORDET. Det er godt å være i min kirke, og derfor kommer menneskene dit.

Torhild Moen

Vi kjenner alle at vi lengtar etter å vere i lag og å kjenne den varme og glede som dette diktet så fint set ord på.

Litt av dette fekk vi oppleve på karnevalsgudsteneste på Nordsida den 14. februar. Då samlast vi ute

kring kyrkja vår, 2 og 3 åringar, tårnagentar, barnegospel, konfirmantar, foreldre og dei som enda eldre er. Vi hadde bålpanne, varmeflasker og varm saft. Ungane fekk godteposar og dei fekk slå på pinjata. Barnegospel sang så fint og preika handla om den barm-

hjartige samaritan. Sola skein og vi kjende alle at det var godt å få vere i lag. Vi gledar oss til nye treff i og rundt kyrkja vår.

Helsing oss i Nordsida sokneråd





Tysdagar er det babysong i Betania i Stryn. Der syng vi barnesongar og let babyen få kjenne på rytme og bevegelse til musikk. Det er dei små som deltek og er i hovudfokus, men samlinga inviterer òg til eit sosialt fellesskap for dei vaksne.

Dette året har vi måtte tilpasse oss koronasituasjonen og har si-

Stryn Babysong

av Martine Bø Solbakken

dan november brukt påmelding til samlingane våre via heimesida til kyrkja. Vi kan ikkje samle mange på ein gong. Innimellom går vi trilleturar i lag.

Når? Nokre tysdagar i månaden, kl. 11.30. Følg med på Facebook-sida vår facebook.com/StrynBabysong for oppdatert informasjon.

Kvar? I Betania, i Stryn sentrum.

For kven? For alle babyar/foreldre i heile Stryn kommune. Du som er «ny» er spesielt velkommen!

Korleis? Meld deg på via [Stryn](https://stryn.no).

kyrkja.no (Ta med eit pledd etc. babyen kan ligge på, oppå madrass. Ta gjerne med ein leike du kan lage rytme med.)

Kvifor babysong? Gjennom song knytast kontakt mellom foreldre og barn. På same tid er musikk eit rom der barnet får moglegheit til å uttrykke og utfalde seg. Det sosiale aspektet har ei sentral rolle i babysongen. I musikken er ein saman om noko. Ein deler ei felles oppleving og skaper noko saman. Musikk og babysong gjev difor born og foreldre eit rom der dei kan vere saman og bli endå betre kjende.

Må vi senke kista heilt ned?

av Geir-Ståle Vatnamo



I gravferd tek vi farvel med den døde. Vi takkar for livet og overlèt den døde til Gud.

Døden kan vere vanskelig å gripe. Å miste er tungt å ta inn over seg. Gravferda gjer døden og avskilet meir konkret. Å samlast om kista til takk og avskil er ein stoppestad på vegen gjennom sorga. Mange kjenner seg hjelpete av dei kjende rammene gravferdsgudstenesta gjev. Gravferda er dei nærmaste sitt avskil med den døde.

Ei kyrkjeleg gravferd er samstundes ei offentlig handling. Det er ein felleskap som markerer at eit liv er slutt. Ved avskilet syner vi respekt for den døde, for livet som har vore og for livet som skal levast. I gravferda

får vi takke og minnast. Her er rom for gråt og klage. Vi kan òg få løfte fram for Gud det som ikkje vart slik det skulle mellom oss. Gravferdsguds-tenesta er ei bøn om forsoning, framtid og håp.

Men! Må vi senke kista heilt ned? Eller berre litt?

Slike spørsmål får presten av og til før ei gravferd. Pårørende føler naturlegvis att det er tungt og trist når kista blir senka ned etter sermoneien ved grava. Derfor kjem spørsmålet: "Kan vi senke berre litt.... og så kan kyrkjegardsarbeidaren senke heilt ned etter på når folk har forlete kyrkjegarden?"

Kyrkjeklokka spør sokneprest Harald Runde om dette vanskelege temaet. Soknepresten meiner at det er formelt riktig at vi senker kista heilt ned med det same, fordi det er dei døde som forlet oss og ikkje vi som forlet dei døde på gravkanten.

Storjubilanten nærmar seg 200 år!

av Else Marit N. Paulen



Det nærmar seg 200 årsjubileum for Innvik Kyrkje som vart vigsla 28.07.1824. Det gjer at vi no er ekstra opptekne av vedlikehald og oppgradering av kyrkja og området rundt.

Vi i Innvik Sokneråd:

Solveig Heggdal, Jan Paulen, Jill Trude Dyrvang, Henning Skogstad, Else Marit N. Paulen, Harald Heggdal og Harald prest ønskjer at Innvik Kyrkje og området rundt skal framstå så vakkert at innvikarane blir rørte når dei ser det.

Mange ønsker å støtte kyrkja si og bli med på ei oppgradering som vil vise att både inni og utanpå kyrkja, på kyrkjegarden og området rundt. Vi er ferdig med taket som måtte rehabiliterast. Det er brukt furu adel frå nærområdet (Flore Sag og noko frå Frøholm Sag). Ny takstein er patinert etter tilråding frå riksantikvaren.

Kyrkja er nymåla - store roteskader er reparert. Tårnet står att å måle samt eit ekstra strøk på alt listverk. Gunnarson gjer ferdig målingsarbeidet våren 2021.

Forsterker og anlegg takka for seg i

vår, og det er eit hjelpemiddel som er eit «must» i kyrkja. Vi har akkurat fått nytt lydanlegg frå Lydkjelleren i Ålesund- dei installerer og vi har bestilt både prosjektor og lerret. Når sang-teksten kjem opp på stort lerret - håper vi at dei sangglade syng så det ljomer i kyrkja vår.

Til dei som ønsker å støtte arbeidet vårt vidare, er kyrkja sin konto nr. 3770 20 09732

For mindre beløp kan ein VIPPSE nr. 586818. (gåver mellom kr. 500 og kr 50.000 gjev skattefritak).

Tusen takk til deg som bidreg med ofring - både kontanter og VIPPS (nr. 586818)

Og hjarteleg takk til deg som har fast månadleg betaling til Innvik Kyrkje.

Vi set stor pris på all støtte som set oss istand til gjennomføring av planane!

Vår plan vidare er; Urnelund (hjelp av landskapsarkitekt).

Rehabilitering og sikring av middel-

alderklokke i tårnet.

Steinmur rundt avfall og gamle gravsteiner.

Ekstra vannpost.

Oppgradering av parkeringsareal til kyrkja med tydeleg og betre tilkomst for rullestol- inngang sør.

Det vore eit spesielt år!

Men no bretter vi opp armene og gleder oss igjen til krafttak i og rundt kyrkja!

Alt skal bli bra -

til jubileumsåret! - og

Kanskje kommer kongen

GRAVMONUMENT



Sjå alle våre modellar på
www.gravstein.no

**Alle våre modeller er designet
og produsert i Norge**

Ta kontakt for katalog
John Selmer Skiftesvik
Tlf: 990 28 076

Fornyng av skrift
Oppretting av gamle steiner
Nye gravsteiner

Innbetalte bladpengar med rett til skattefrådrag

Trist beskjed til alle som var lova skattefrådrag på bladpengar innbetalt i fjor (2020). Grunna kort tidsfrist i januar 2021, fekk ikkje kyrkjekontoret registrert dette innan fristen. Vi er leie for at Kyrjeklokka har lova noko vi ikkje har klart å halde! Vi har no lagt til rette for gode rutinar, slik at dette i framtida vert ivareteke.

Styret



Kyrkjebåten Bendiktstorebåten på Flo

av Olaug Mork



Foto: Inge Fænn

I samtale med Jo Flo, og sonen Martin som i dag er eigar av den restaurerte kyrkjebåten, har eg fått kjennskap til denne historiske båten. Jo fortel at trafikken med kyrkjebåtar var stor tidleg på 1900-talet. Bendiktstorebåten, som var ein av dei største båtane, er ein ti-keiping eller ein «femrøding», er ni meter lang, og har fem årepar. Den er truleg bygd på slutten av 1800-talet. Den har alltid høyrd til på Bendiktbruket på Flo nedre. Jo er usikker på kor mange personar det er plass til i båten i og med kvart bruk hadde sin eigen båt. Båten vart brukt til så ymse, t.d. til å frakte varer som slakt over vatnet, frakte kista til gravferd i kyrkja, og i anledningar som bryllup og konfirmasjonar. Far til Jo antyda at ein gong, truleg tidleg på 1900-talet, at då ein hest skulle fraktast i båten var den så uroleg at det gjekk hardt utover borda i båten. Det var siste gong båten var i bruk. Men etter at veg avløyste vatnet som ferdselsveg, vart båtene sette inn i nausta for godt. Eller vart liggande til forfall.

Jo fortel at denne båten var lagt i naustet i 1943, og hadde ikkje vore på vatnet sidan. Far til Jo tenkte mange gonger på å slå sund båten då den låg der medteken, eller sette fyr på den. Men fekk seg ikkje til det! Då Jo overtok lurte han og mange gonger kva han skulle gjere med båten i og med at den er stor og tek stor plass. Båten var ikkje akkurat i topp stand då spørsmålet kom opp om båten skulle restaurerast eller vrakast.

Det laga seg slik at Jo søkte på såkalla STILK-midlar, og fekk positivt svar. Båten vart då frakta til Bjørkedalen og Knut Eilefsen stod for restaureringsarbeidet. Eilefsen har antyda at båten kan ha vore laga lenger ute i fjorden. Båten og naustet vart sett i stand, og historia er teken vare på. Mai 2003 var første gongen båten var på vatnet att etter 60 år. Det var i anledning ei brureferd så det vart festdag i dobbel betyding.

Med det Jo veit er dette einaste kyrkjebåten som er att i bygda. For å få vite meir om kyrkjebåtane hen-

viser han meg til Amund Mork som har eit hefte der det står skreve om båtane på vatnet.


Martin seier båten er stor, og tek stor plass i naustet. Båten treng lang tid på trutting så bruk må planleggast i god tid. Han har leigd ut båten til reklamefilm, nokre private bryllup, og då Stryn blandakor arrangerte stort songarstevne mai 2016. Då kom folk roande i båten til Nasjonalparksenteret med utkledd kronebrur om bord.

Soknerådet ser fram til å arrangere årets utegudsteneste søndag 27. juni ved Bendiktnaustet på Flo der båten er.



Utdrag frå « Ein preikesøndag i kring 1890»

av Amund Mork



Frå heftet «Oppstryn kyrkje 1863-1963»

Amund Mork (1884-1964) beskreiv som aldrande mann om ein preikesøndag i kring 1890 som eit vent barndomsminne. Og at han då berre var ein liten galning av ein gut.

«Det var midtsommarsøndag, med sol over fagre fjell og dalar. Vatnet låg blenkjande blankt og stavande stilt. I heimane var unge og eldre i ferd med å kle seg og bu seg til kyrkjeferd og høgtid i Herrens hus. Alle hadde visse klede som vart nytta berre til kyrkjebruk- «kyrkjeklede» vart dei kalla.

Tidleg på føremiddagen såg vi kyrkjebåtane frå dei ymse stadar: Hjelle, Glomnes, Flo, Veslebygda, Berstad og Meland. Det var eit fagert syn å sjå då dei stemnde over det blågrøne, vene vatnet fram mot den kvitmåla kyrkja på neset. Det var storbåtar i blant og, men fleirtalet var lette, fine færingar. Floarane og veslebygdarane hadde mange storbåtar, og der var namn til slike farkostar i Hjelledalen og Berstad-grenda og. Vi måtte bisne, vi smågutane, då

desse store flåtane kom. Sjø-vane, berrerma roarar ved årane. Det fossa for stamnane, men fredsamte kom dei, fred over bygda, fred over båtane. Stille og alvorlege sat dei alle, dei som rodde og dei unge og gamle som i kyrkjeferd fekk fare.

Floarane og veslebygdarane og dei frå Berstadgrenda la i land i fjøra vest for kyrkja, hjelledølene austafør. Der var veg langs kyrkjegarden både austafør og vestafør. Når så kyrkjefolket steig i land, vart det å ordna på klede litt. Ein skulle vere skamlaus når ein steig inn i det heilage huset, og alle sette si ære i å vere det.

Kyrkjeklokka kalla. - Då letta alltid mennene på hattane sine.

Frå Erdal og Strandsida kom kyrkjefolket for det meste gåande etter dei skrale vegane. Men av og til kom dei i båt.

Men klokka kalla, presten var komen og snart hadde folket funne sine, frå gamalt tiletla plassar. Vi unge gutane tok oss først ein runde ned til båtane. Det var noko å bisne på, det. Der var gamle båtar, og nye. Vi stogga lenge ved **Ben-**

diktstorebåten. Eit storslege syn, tykte vi det var. Ein av dei eldre gutane meinte at han kunne ikkje vere noko sers mætare «Ormen Lange». Det var gildt å fare att og fram der nede ved båtane, og freistande var det då vi kom til dei nye, fine færingane. Vi kunne `kje anna, vi måtte prøve kor det ville vere å ro ein liten tur langs med landet utover mot Sandvik. Båteigarane song så det ljo- ma oppi kyrkja. Det bar av stad. Men vi hadde lova å gå til kyrkje, og så rusla vi opp då. Litt vondt samvit hadde vi. Vi hadde dragsa sand inn i dei fine båtane. Men andektige og som dei mest rettferdige gutar på jord gjekk vi så stilt og vent vi kunne oppå galleriet. Det var best å vere der, tykte vi. Derifrå såg vi så godt både prest og klokkar, kyrkjelyd, altargong, ofring og barnedåp. Presten Bolstad stod på preikestolen. Det blenkte så vent i brilleglas hans, og han hadde så ven og god ein smil. Vi småkarane tykte sakte at han kunne gjort preikene stuttare. Det var så herleg å vere ute. Og rett som det hørdest ut som han hadde berre eit par ord att, så ville han slutte. Så var det altergong.-

Det var så underleg for oss unge å sjå dei gamle ærverdige koner og menn, konene i mørke hovudplagg, krøkte av slit og møde. Mennene måtte vi undra oss mykje på. At folk kunne verte så gamle! Gråhåra, kvithåra og heilskjegg. Etter altergongen vart det ofring og barnedåp.

Ute på kyrkjegarden var det samtale med slektningar og kjenningar og vener. Men det var lang veg heimatt. Dei trong mat før dei sette seg ved årane. Så fann dei seg skugar under orerustene ved fjøra og fann fram nista. Einskilde gjekk til butikkane og kjøpte kringler. Etter matøkta for båtane med takksame, glade og sæle kyrkjegjester på heimferd. Vatnet låg like blenkjande blankt og heimferda vart fin, den og. Snart var dei heime

att, heime til onn og yrke i gard og grend. Ikkje ein båt på vatnet, fred, ro, stille. Men var det ikkje som tonane frå Soli Deo Gloria i kyrkjetårnet klang mellom fjella enno.»

I same heftet har Jon Øvre -Flo skrevet om «Kyrkjeskys frå Flo i eldre tid» : «Før «Fritjof Nansen», som var motorbåt, kom kring 1890 var det berre robåtar på vatnet. For å trygge ferdsla har dei frå gamalt av hatt store fellesbåtar utanom vanlege færingar og seksringar. På Øvre-Flo ein med seks par keipar og på Nedre-flo ein med fem par keipar. Til vanleg var det ein mann for kvar år, og den mest sjødyktige var styrmann. Var han flink, kunne han sjølv i sterk vind klare å kome fram utan at det slo noko nemnande inn i båten. Kvinner og born sat i framskuten eller bakskuten.

Særleg stor kyrkjesøknad var det

når det var konfirmasjon. Då kom det ei mengd sunnylvingar som skulle til kyrkje. Dei som hadde lengste vegen kom til Flo laurdag etter middag. Dei kunne vere så mange at dei fylte alle plassane kring dei store langborda. Til natta vart det laga flatsenger på golva. Søndagsmorgonen kom sunnylvingane som hadde kortaste vegen. «Fritjof Nansen» hadde ei stor skute som var bunden til båten, og det hende at båt og skute ikkje kunne ta alle frå Flo og Sunnylvlen, så dei måtte ta robåtar attåt.

Etter dei kom frå kyrkja, vart det ein liten stans på Flo for å ete før dei tok til på den tunge mila over Folfjellet. Var epla modne var det godt med litt av dei i ryggsekken. Endå det somme tider var sterk storm og såg stygt ut, så hende det ikkje noko ulukke på vatnet, det eg kjenner til».



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

**Vi er her når du treng oss som mest,
og hjelper deg med å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd.**

Slik som du ynskjer.

Tlf. 905 50 905

Sjå vår nye heimeside: www.hjelmeland.as

«Gud-i-bag» til konfirmantane

av Beate Nes



I pakken låg det:
Teikneseriebibel og bokmerke
med bibelvers

Gripekors (som er eit kors laga
for å passe i handa)

Extra tyggis- med ei lita and-
akt om å vere EXTRA verdifull,
med nokre tankar knytt til kvar
av bokstavane i Extra

Ein pose seigmenn, fordi det er
sunt å leike.

Det er eit annleis år på så mange
vis, også for konfirmantane våre.
Nokre av dei tinga vi har planlagt
har vi måtte avlyse, og sjølv om
det har gått fint å ha samlingar har

vi heile tida måtte passe på. Difor
bestemte vi oss for å lage ei gåve
til årets konfirmantar, med ting vi
trur dei kan få bruk for og glede
av - i ei tid som kan vere vanskeleg.



Krøllesamling i kyrkja 22. april.

Eitt, to og tre-åringa-
ne vert invitert til ei
kort samling.

Det vert song, for-
teljing og gåver.
Krølle gler seg!



Min salme

ved Irene Åbrekk Kalvatn

Song og musikk er svært viktig for meg, og det gir meg mykje. Kanskje kan det kallast ein slags terapi? Og når songen i tillegg har ein bodskap eg kan relatere meg til, eller finne trøyst i, blir den ekstra kjær for meg. "Min" salme er ikkje av dei eldste, men den har for lengst blitt ein kjær salme for mange. Teksten er skriven i 1955 av Trygve Bjerkrheim, og formidlar eit håp og ein lovnad. Eit håp og ei tru på at Gud høyrer når vi ber. Songen er som ei trygg hamn, der eg kan få minne meg sjølv på at vi har ein stad vi kan få legge frå oss alt. Både stort og lite, sorg og glede. Aller helst ønskjer alle å få svar på spørsmål eller finne løysingar med det same, og tolmodet kan lett bli sett på prøve om vi opplever at det ikkje blir slik vi har sett føre oss. Men det vi legg fram for allmaktens Gud skal bli besvart. Om ikkje med det same, så ein gong, og på ein eller annen måte. Kanskje er det derfor denne songen også vert brukt i gravferder. Det siste verset i salmen handlar jo nettopp om dette. Salmen gir oss håp og lovnad gjennom heile livet, i alle livsfasar.

Då vi i 2012 fekk vite at 2-åringen vår hadde ein bi-lyd på hjertet, var min første og instinktive reaksjon å be. Eg måtte berre få legge dette i Guds hender. Dette var ikkje ein situasjon eg kunne gjere noko som helst med. Alt låg i andre sine hender. Vi vart kalla inn til vidare sjekk på sjukehuset i Ålesund, der det igjen vart konkludert med at vi skulle få innkalling til Rikshospitalet for

eit mindre hjerte-inngrep. Det kjendest som ei lang ventetid, men eg var trygg på at Gud var med. Og sjølv om vi ikkje sette oss ned og song songen, utførte vi handlinga i praksis. Ikkje alltid med folda hender, men med tankar og sukk vendt mot Gud. Vi måtte ikkje vente len-

ge på svar på våre bønner den gongen, og inngrepet gjekk fint. Ikkje alle bønnesvar kjem med det same, og tolmodet kan bli sett på prøve. Eg prøver iallefall så godt eg kan å lene meg på lovnaden og håpet om at Gud høyrer og svarer når vi bed. Alt til si tid.

Det er makt i de foldede hender

Tekst: Trygve Bjerkrheim 1955-1957

Melodi: Øivind Tønnesen

Det er makt i de foldede hender.

I seg selv er de svake og små.

Men mot allmaktens Gud du dem vender,
han har lovet at svar skal du få.

Ref.

Det er svar underveis, engler kommer med bud.

Om det drøyer, det fram dog skal nå.

For det lovet jo løftenes trofaste Gud:

Kall på meg, og du hjelpen skal få!

Du som ber for ditt barn, dine kjære,

er i forbønn fra år og til år,

om du tålmodets lekse må lære,

himlens bønnesvar engang du får.

Det er makt i de foldede hender

når i Frelserens navn du får be.

Og engang når du livsløpet ender,

hvert et bønnesvar klart skal du se.

I neste nummer av Kyrkjeklokka, vil Ingeborg Nygjerd skrive om sin salme.

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim



Sjå mørkret vinn aldri over lyset

Det var mørkt før jul, men så kom jula som er lyset si høgtid. Du var kanskje med og song: "Tenn lys! Eit lys skal brenne for vår vesle jord." Hendingar som møtte oss i romjula og etter nyår, jordskjelv i Kroatia, kvikkleireras i Gjerdrum, koronasmitte og dødsfall og ulukkebrannen på Andøya, forsterka mørkret. Ei vanskeleg tid, tenkte mange. I ei avis stod det: "Korona har ført oss inn i ei mørk tid, kanskje mørkare enn nokon gong sidan krigen". Ein annan kalla det "Den tredje verds-krig".

Korleis ville eit nytt år bli?

Eg møtte ein salme som lydde slik: "Se, mørket vinner aldri over lyset". Både tekst og melodi er laga av Sindre Skeie. Eg fortsette å lese: "La håpets flamme skinne, sterkt og klart! For ennå kjemper noen for det gode, og ennå deler noen det de har".

Er det mørkt, hjelper det å kveikje eit lys eller setje på ei lommelykt eller skrue på ein lysbrytar. Det er sant at lyset har makt. Du blir tryggare, modigare og ser vegen vidare.

Vi kjemper ikkje berre mot ytre mørker. Mange kjenner på vanskar, uro og usikkerheit i sitt indre. Det er sår som ikkje vil gro.

Å vere menneske er å vere sårbare. Men vi må gå vidare.

Det er eit ordtak som seier: "Delt glede er dobbel glede, og delt sorg er halv sorg". Ved å dele vanskar blir livet lettare. Eg er ikkje åleine som har det slik. Ja, det er lettare å bere saman enn åleine. Lat oss derfor oppmuntre kvarandre.

Ved nyår fekk eg denne helsinga: "Med optimisme og håp ønskjer eg dykk eit godt nytt år!"

Lat oss sjå litt meir positivt enn negativt, litt meir glede enn liding, litt meir lukke enn sorg! Då kjem vi langt. Ein handikappa sa det slik: "Det er så mykje i livet vi ikkje kan styre. Korleis morgondagen ser ut det veit ingen av oss." Koronaåret 2020 har vist oss det. Mørket vil ha plass, men lat oss ikkje gløyme lysets makt.

Eg sit ved skrivebordet og tenkjer: "Tenk om eg kan spreie lys til eit eller fleire medmenneske!"

På skrivebordet ligg Bibelen. Kom og sjå inn i boka!

I det gamle testamentet vart folket lova at eit stort lys skulle kome. Nokre hundrede år seinare kom lyset. "Som lys er eg komen til verda, så ingen som trur på meg, skal bli verande i mørket." Joh 12.46.

Det er stort at vi har fått eit lys som

let oss sjå utover dette livet. Ja, lat håpets flamme skine sterkt og klart!

Det fjerde verset i salmen som eg stansa ved, lyder slik;

"Eit mørke hviler ennå over jorden, men barn av lyset finnes over alt.

Se, noen åpner døren for en flyktning,

og noen reiser opp en venn som falt".

Lat oss vere barn av lyset! Kjemp for fred og ei trygg verd! Del ditt brød med dei svoltne i verda, og på den måten berge liv og spreie lys.

Lat oss be med salmisten i Salme 86.11.

"Herre, lær meg din veg så eg kan ferdast i di sanning! Gjev meg eit heilt hjarte, så eg fryktar ditt namn!" Amen





Slekt
skal følgje
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Nordsida

Døde:

18.01. Grete Elin Roset f. 1947
19.01. Kjellaug Amanda Øiestad f. 1924

Oppstryn

Døpte:

21.12. Nikolai Tunold Yttergård.
For. Gerd-Jorunn Yttergård og
Kjetil Rune Tunold
14.02. Eva Greidung-Jones. For.
Dorthea Greidung og Lee Martin
Jones

Døde:

02.02. Kåre Arild Sandvik f. 1939

Innvik

Døde:

26.11. Henny Margrethe Hopland
Bruland f. 1956

Utvik

Døpte:

28.11. Lydia Tolkmo Johnsen. For.
Bjørge Tuven Tolkmo og Marius
Andre Johnsen

Døde:

16.01. Alv Sunde f. 1938

Olden

Døde:

10.11. Jorunn Aletta Briksdal f.
1928
16.12. Kristen Brynstad f. 1926

Hornindal

Døpte:

01.11. Frida Buaune Espe. For.
Elisabeth Buaune og Kristian
Severin Espe. Døpt i Rissa
kyrkje
15.11 Madsine Dragesæt. For.
Magnhild Oline Taraldset og
Jørgen Dragesæt
06.12. Laurits Sande Årvik. For.
Linda Haugland Sande og Per-
Sindre Årvik
06.12. Isak Kjelsnes Grodås. For.
Ailin Nygjerde Kjelsnes og Kjetil
Grodås

Vigde:

31.12 Maria Renate Lødemel og
Sturla Børge Løddøen

Døde:

29.12. Roar Kennet Lunde f.
1957
15.01. Lilly Skulstad Heggen
f. 1937
15.01. Olina Alfild Rygg f. 1928
29.01. Eldfrid Kjøs f. 1926
16.02. May Kirsti Hjelle f. 1932

Loen

Døde:

17.12. Dorte Anna Aaning f. 1922

Nedstryn

Døpte:

15.11 Ada Hoel Gjørven. For.
Isabel Sunde Hoel og Mats Nesje
Gjørven
15.11 Victor Gundersen Sunde.
For. Malin Gundersen Sunde og
Vidar Sunde
15.11. Luca Lacastesantos Skåre.
For. Linda May Lacastesantos og
Daniel Gundersen Skåre

Vigde:

31.12. Marita Ulvedal og Håvard
Johan Nesje

Døde:

12.11. Malene Ingeborg Lilleheim
f. 1937
23.11. John Nesje f. 1946
22.12. Jorunn Silden f. 1930
26.12. Arve Dispen f. 1948
31.12. Synnøve Nora Beinnes f.
1941
18.01. Margit Loen f. 1929
20.01. Ingebjørg Karstad f. 1921
01.02. Kjellfrid Valaker f. 1933





Vi les

Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus rid inn i Jerusalem

av Beate Nes

Jesus og læresveinane var på veg til Jerusalem for å feire påske. Det var ikkje berre dei som var på tur, det såg ut som «alle» skulle til Jerusalem denne påska, overalt var det mykje folk langs vegen. Då dei nærma seg Jerusalem stoppa Jesus opp, og han sa til to av læresveinane sine:

«Gå bort i den landsbyen som ligg framfor dykk! Straks de kjem inn der, finn de ein eselfole som står bunden, ein eselfole det aldri har sete nokon på. Løys han og kom hit med han. Læresveinane såg på kvar-andre, og Jesus forstod nok at dei var litt usikre, så han sa: Og er det nokon som spør: 'Kva er det de gjer?' skal de svara: 'Herren har bruk for han og sender han straks tilbake.»

Så gjekk dei og fann folen, som stod bunden ute i gata attmed ei dør, og dei løyste han. Nokre av dei som stod der, sa til dei: «Kva er det de gjer? Løyser de folen?» Dei svara så som Jesus hadde sagt, og då fekk dei gå.

Det var mange som hadde høyrte om Jesus, og alle dei teikn og under han hadde gjort. Difor samla mange seg rundt Jesus då læresveinane kom tilbake med eselfolen. Læresveinane la kappene sine

på folen, og Jesus sette seg oppå. Mange av dei som samla seg rundt Jesus breidde kappene sine på vegen, andre strødde friske greiner som dei hadde hogge ute på markene. Både dei som gjekk føre, og dei som følgde etter, ropa: «Hosianna, Davids son! Velsigna er han som kjem i Herrens namn! Hosianna i det høgste!»


Hosianna er hebraisk og tyder «gje frelse» men også «ver helse».

Då han drog inn i Jerusalem, vart det uro i heile byen, og dei spurde: «Kven er dette?» Og folkehopen svara: «Det er profeten

Jesus frå Nasaret i Galilea.» Læresveinane var stolte av å vere venn med Jesus, og så glad for at folket tok i mot han som ein konge, men dei var redde og. Dei visste at ikkje alle var like begeistra for det Jesus sa og gjorde, og at det kunne vere farleg for han å vere i Jerusalem no. Jesus forstod det og, men han visste at det skulle vere slik, at det var ein del av Guds plan.

Oppgåve:

No er det snart påske. Kanskje kan de finne ulike ting som symboliserer dei ulike dagane i påska, og pynte med desse tinga denne påska.



Statistikk for 2020

	<u>Olden m/Ljosh.</u>		<u>Innvik</u>		<u>Utvik</u>		<u>Innvik prestegjeld</u>	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020
Døyppte	4	6	3	3	2	5	9	14
Døyppte, bur i soknet	2	1	3	2	2	2	7	5
Konfirmerte	6	9	8	3	3	4	17	16
Vigde	3	2	2	3	0	1	5	6
Gravferder	13	8	6	7	6	4	25	19
Gudstenester	29	25	17	14	13	13	59	52
Deltakrar ved gudstenester	1917	1033	969	524	755	479	3641	2036
Nattverdsgjester	338	272	155	121	134	135	627	528
Takkoffer/kollekt	71884	39787	24514	20502	38210	43772	134608	104061
Fasteaksjonen	18673	18823	8939	9399	11275	10665	38887	39497


	<u>Oppstryn</u>		<u>Nedstryn</u>		<u>Loen</u>		<u>Stryn prestegjeld</u>	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020
Døyppte	10	13	10	15	16	14	36	42
Konfirmerte	6	7	30	39	6	5	42	51
Vigde	0	2	5	4	4	4	9	10
Gravferder	7	4	26	13	4	8	37	25
Gudstenester	20	23	39	47	21	21	80	91
Deltakrar ved gudstenester	1099	870	3416	2444	1320	764	5835	4078
Gudstenester med nattverd	11	8	26	19	9	6	52	33
Nattverdsgjester	201	116	762	458	228	74	1191	648
Takkoffer/kollekt	20862	16400	82753	78894	27326	32501	130971	127795

	<u>Hornindal</u>		<u>Nordsida</u>		<u>Randabygda</u>		<u>Sum</u>	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020
Døyppte	13	16	4	2	3	1	20	19
Konfirmerte	12	13	4	6	4	4	20	23
Vigde	2	1	0	1	0	4	2	6
Gravferder	12	16	1	6	0	1	13	23
Gudstenester	24	19	19	16	11	8	54	43
Deltakrar ved gudstenester	1908	930	1321	756	511	211	3740	1897
Gudstenester med nattverd	12	5	12	7	4	1	28	13
Nattverdsgjester	400	77	344	144	49	16	793	237
Takkoffer/kollekt	42617	22976	68780	37435	11889	4220	123286	646310

Tilsaman for alle tre prestegjelda

Innvik, Hornindal og Stryn

	2019	2020	Endring 19/20
Døyppte	65	75	+10
konfirmerte	69	79	+10
Vigde	28	32	+4
Gravferder	55	54	-1
Gudstenester	159	153	-6
Deltakrar ved gudstenester	13216	8011	-5206
Nattverdsgjester	2611	1413	-1198
Takkoffer/kollekt	388865	878166	+489301



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: **Kyrkje i Indre Nordfjord**

Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

28. mars: Palmesøndag – Matt 26, 6-13

Loen 11:00 Gudsteneste

Utvik 11:00 Gudsteneste

Ljosheim 19:00 Kveldsgudsteneste

01. april: Skjærtorsdag – Luk 22, 14-23

Innvik 11:00 Gudsteneste

Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste

Bruasætra, Hornindal 12:00 Friluftsgudsteneste

Nordsida 19:00 Kveldsgudsteneste

Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste

02. april: Langfredag – Luk 22, 19-23,46

Nedstryn 11:00 Pasjonsgudsteneste

Olden 19:00 Pasjonsgudsteneste

04. april: Påskedag – Matt 28, 1-10

Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste. Påskefest

Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste

Nordsida 11:00 Høgtidsgudsteneste

Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste

Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste. Påskefest

Randabygd 14:00 Høgtidsgudsteneste

05. april: 2. påskedag – Luk 24, 36-45

Loen 18:00 Salmekveld

11. april: 2. s i påsketida – Joh 21, 15-19

Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste

Utvik 11:00 Gudsteneste

18. april: 3. s i påsketida – Joh 10, 1-10

- Per Bolstad plass, **Stryn 12:00** Samtalegudsteneste

25. april: 4. s i påsketida – Joh 13, 30-35

Nedstryn 11:00 Gudsteneste

Olden 11:00 Gudsteneste

Hornindal 19:00 Kveldsgudsteneste

01. mai: laurdag – Luk 14, 12-14

Innvik 11:00 Konfirmasjon

Nordsida 11:00 Konfirmasjon

02. mai: 5. s i påsketida – Luk 13, 18-21

- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Randabygd 11:00 Konfirmasjon

- Oppstryn 13:00 Konfirmasjon

08. mai; laurdag

- Loen 11:00 Konfirmasjon

- Olden 11:00 Konfirmasjon

- Nedstryn 13:00 Konfirmasjon

09. mai; 6. s i påsketida – Matt 7, 7-12

- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon

13. mai; Kristis himmelfartsdag – Luk 24, 46-53

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Innvik 11:00 Gudsteneste

17. mai; måndag – Matt 22, 17-22

- Nedstryn 09:30 Festgudsteneste

- Nordsida 10:30 Festgudsteneste

- Oppstryn 11:00 Festgudsteneste

- Olden 11:00 Festgudsteneste

- Randabygd 12:00 Festgudsteneste

- Hornindal 12:00 Festgudsteneste

- Loen 13:00 Festgudsteneste

- Utvik 13:00 Festgudsteneste

23. mai; Pinsedag – Joh 14, 15-21

- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste

- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste

- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste

- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste. Konfirmantjubiläum

24. mai; 2. pinsedag – Joh 6, 44-47

- Bergsetnausta, Nordsida

12:00 Naustmesse

30. mai; Treeiningssøndag – Luk 10, 21-24

- Loen 11:00 Gudsteneste

06. juni; 2. s i treeiningstida –
Joh 3,26-30
- Sagedammen, Nordsida 11:00
Visitasgudstneste for heile
kommunen

13. juni; 3. s i treeiningstida –
Joh 1, 35-51
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Kvalen, Randabygd 13:00 Fri-
luftsgudsteneste

20. juni; 4. s i treeiningstida –
Matt 16, 24-27
- Loen 11:00 Gudsteneste
- Prestestøyla, Innvik 11:00
Støylsmesse

- Nordsida 11:00 Gudsteneste
27. juni; 5. s i treeiningstida –
Matt 7, 21-29
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Sundshaugen, Olden 14:00
Friluftsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Bendiknaustet, Flo 13:00 Fri-
luftsgudsteneste

04. juli; Aposteldagen / 6. s i
treeiningstida – Matt 16, 13-20
- Selja, Selje 12:00 Seljuman-
namesse

Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ

STRYN • VOLDA • STAD

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. **458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyingar

Oppfrisking



EIDE STEIN AS
www.eidestein.no
712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå

KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sogrusten





Informasjon/
Fullistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden



Arkivfoto

Dei siste 20 åra har det vore Gudsteneste i Utvik Palmesundag. Og kvart år delar soknerådet og barnekoret ut påskeliljer til alle dei frammøtte i kyrkja.

God påske!

Neste nummer får du i posten rundt 24. juni. Redaktør vert Jarle Hessevikk.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hessevikk@enivest.net innan 21. mai.